

ÅRETS KULTURKOMMUNE 2019

Årets kulturkommune i Hordaland 2019 skal kårast og medlemskommunane vert oppmoda til å søkje. Vinnaren frå fylkeskåringa går vidare som nominert kandidat til Norges kulturkommune. Dette er ei tildeling som skjer annakvart år, og tildelast ein kommune som i særleg grad har markert seg med ein allsidig innsats for kulturlivet.

Ein god kulturkommune skal ha eit godt og breitt kulturtilbod til alle i kommunen. Det legges vekt på kva kommunen har nådd gjennom god planlegging og medverknad.

Det vert lagt vekt på kommunen sitt generelle arbeid med tilrettelegging av gode ordningar i det daglege kulturarbeidet. Det handlar om langsiktig arbeid, overordna tenking og god politisk forankring i tråd med kulturlova sine intensjonar. Det handlar om godt samarbeid på tvers av offentleg, frivillig og privat sektor der dialog, positive haldningar og løysingsorienterte tilnærmingar står sentralt.

I vurderinga har vi tradisjon for å sjå forbi innbyggjartal, organisering og økonomi og vektlegge kommunane sin vilje til satsing og samarbeid, gode løysingar, langsiktighet og heilskapleg tilnærming. Erfaring viser at godt lokalt kulturarbeid er mangfaldig.

Juryen som skal peke ut Hordaland fylke sin kulturkommune for 2019 er:

- Anne Gine Hestetun, Fylkesordførar
- Per Morten Ekerhovd, Fylkesdirektør kultur og idrett, Hordaland fylkeskommune
- Lennart Fjell, styreleiar NOKU Hordaland

De kan lese meir om tildelinga og tidlegare kåringar på

http://www.noku.no/norges_kulturkommune/

Frist for å søkje om å bli årets kulturkommune i Hordaland 2019 er satt til måndag 4.februar. Kommunane sender sjølv inn sitt forslag til kandidatur om å bli NOKU Hordaland sin kandidat til Norges kulturkommune. Søknaden sendast til marianne.ose.askvik@hfk.no.

Beste helsing

Lennart Fjell

Styreleiar NOKU Hordaland